



## Møte i skolemiljøutvalet 03 - 24-25

Dato: 12.02.2025 12:00

Deltakere: Agnes Noraberg Pettersen; Danylo Lutsyk; Guro Storhaug; Hennie Karin Westgaard; Hildegunn Håland; Ida Betten Kleve; Ilse Kornelia Hoomoedt; Kari Tormodsvik Temre; Kjetil Kiland Haakenstad; Knut Magne Momrak; Microsoft 365 Backup; Per Gjermund Løvold Askje; Siv Reidun Eide; Stig Kolbjørnsen; Sverre Skogen; Touka Mohamad Saleh-Alabed

Fraværende: Torjus Mondal Ljostad

### 1. Velkommen

#### Beskrivelse

Informasjon om endringar i namn på forumet og endringar av medlemmer  
Info om saker me har hatt på agendaen  
Kort gjennomgang av saklista for i dag

#### Beslutning

Info gitt

### 2. Arbeidet i Elevrådet - Status

#### Kategori: Informasjon

#### Beskrivelse

Korleis har elevrådet jobba så langt i haust?  
Kva saker står på dagsorden framover i elevrådet?  
Er det tankar hos elevrådet om endringar eller styrking av arbeidet på noko område?

#### Oppsummering

Det har vore jobba mykje med solidaritetsdagen. Korleis motivere elevane til å tene pengar til prosjektet.  
Korleis tene mest mogleg pengar pr person.  
Diskutert om skulen skal halde fram med medlemsskap i elevorganisasjonen, der steminga pr no er å ikkje halde fram med medlemsskapet.

#### Beslutning

Oliver la fram litt om aktiviteten.

### 3. Elevundersøkinga

#### Kategori: Instilling/råd

## Beskrivelse

Resultat frå Elevundersøkinga har kome (sjå utdrag under)

Me ser på resultata og drøftar:

1. Er det område me ser at me gjer det bra?
2. Er det område der me ser at me står i ro og mogleg ynskjer å auke resultat?
3. Er det område der resultata har gått ned?

Me vurderer: Er det område der me ynskjer auka innsats for å få auka resultat - Kva skal me i tilfelle då gjere?

## Oppsummering

Elevane hugsar litt i frå tidligare elevundersøkingar, mellom anna litt om trivsel og mobbing, nokon som huskar at dei hadde han, men huskar ikkje spørsmåla.

Trivselen har gått opp med 0,2% i frå 23-24 til 24-25. Støtte frå lærar har berre godt opp 0,1%. Vurdering for læring så ligger vi 0,2% over fylke. Motivasjon har gått ned frå i fjor med 0,1%, men ligger likt med fylke. Utdanning og yrkesveiledning er likt frå i fjor og 0,3% over fylke. Vi ligger over Nasjonale tall i vurdering for lærling.

Gjennomsnitt på mobbing i fjor var oppe på 11% men nå i år har det gått ned 4,7%

Kva kan me utfordre oss på:

Finne ein balanse mellom faglege utfordringar og motivasjon. : Lærarane må prate med elevane sine og finne oppgåver som passar den enskilde. Kan det vere ei utfordring? Klassar har erfaring med at dette skjer i dag.

Karakterar vert sett på som det som motverar mest. Å få karaktervurdering i alle testsituasjonar er eit ynskje.

Variere vurderingssituasjonane - for eksempel ikkje berre fagsamtaler.

Dialog med lærar, vere aktive, og praktiske fag er område som også motiverer, men det er det å skulle vurderast som er sterke faktoren.

Uansett kva fag, om det er praktisk eller teoretisk så er det viktig å få gradert vurdering, ikkje berre bestått eller godkjent. Elevane meiner at det å bruke Kl utfordrar dette, men at ein må finne løysingar for likevel å kunne gje gradert karaktervurdering.

Elevane ser vurdering for læring (å få vere med å påverke kva ein skal vurderast i, korleis ein skal vurdere og også å få vere med å vurdere eige arbeid), å få faglege utfordringar og tema motivasjon i samanheng.

## Beslutning

Elevane har gode innspel til kva som påverkar motivasjon, og dialogen og innspela i møtet syner at det truleg er samanheng mellom vurdering for læring, faglege utfordringar og motivasjon.

## Saksdokumenter

- [Elevundersøkinga 24-25.pptx](#)

## 4. Skulen sin utviklingsplan

Kategori: Informasjon

## Beskrivelse

Rektor orienterer om status på skulen sin utviklingsplan.

Kva område har me satsa på så langt?

Er det område som vert endra eller som er klare?

Er det område som vert nye i ein ny revisjon?

## Oppsummering

Utviklingsplanen skal reviderast denne våren.

Gjennomgang av målsettingane i planen. Nokon handlar direkte om tiltak som vedkjem elevane, mellom anna at me har satsa på VIP makkerskap og kartlegging med "Spekter".

Ein del av tiltaka er i god drift, og då treng ein ikkje ha det som eige satsingsområde lengre.

Nytt er at vi aukar fokuset på matematikk.

Det at ein drøfta og kom med innspel i forrige sak om elevundersøkinga på områda motivasjon, vurdering for læring og faglege utfordringar, underbyggjer at me bør halde fram med desse satsingsområda i utviklingsplanen.

## Beslutning

Informasjon tatt til orientering. Innspel vert tatt med når ein skal revidere utviklingsplanen.

## 5. Skal me endre på tidspunkt for volleyballturneringa?

### Beskrivelse

Det har kome forslag frå gym-lærarane om å slå saman volleyballturneringa med avsluttinga før jul. Ved å kna forslaget litt, så ser leiinga at dette kanskje kan vere ei smart løysing.

For å få dette til, så kan følgjande vere aktuelt:

- Ein startar førebuing av juleavsluttinga (grautfesten) dagen før, ved å setje ut bord og stolar, og lage klart til dekking.
- Volleyballturneringa startar kl. 8.15 fram til kl. 11.30
- Mens turneringa pågår fordelar personalet seg på tre oppgåver; enten delta på lærarlaget, følgje opp elevane som er på turneringa (i hallen), eller dekkje og pynte og gjere klart til julegraut og avslutting (ev byter litt på viss det passar betre).
- Elevar som av ulike grunnar er planlagt til ikkje å delta i hallen bidreg også med dekking og pynting.
- Julegraut frå kl. 12.00-13.00 med musikalsk innslag (ev song), premieutdeling for turneringa og rektor sine velvalde ord før ferien.
- Personalet ryddar og har ei kort avslutting på personalrommet.

Kva tenkjer SU om dette forslaget?

### Oppsummering

Det er tung argumentasjon imot å samle alt på ein dag. Det er også dei som meinat at det er eit godt forslag å slå saman.

Hovudargumentasjonen i mot er at elevane ynskjer to dagar med litt anna skuledag, og ikkje samle alt på ein dag. Ein ser at det kan bli utfordrande på føremiddag før julegrauten, men her er det tilbakemelding om at det å aktivisere elevane på dette tidspunktet handlar om faglærar si tilrettelegging av aktivitetar og fagleg opplegg. Elevane er ganske tydelege på at eit godt opplegg motiverer også til innsats og/eller aktivitet.

Det å vere tydeleg på at avsluttingsdelen og premieutdeling for volleyballturneringa er obligatorisk for alle klasser er viktig for å få ei fin avslutting. Det vart også drøfta om ein skal legge volleyballturneringa tidlegare på dag. Her argumenterer elevane godt om at dei ynskjer å ha noko å glede seg til på slutten av dagen og at dei ikkje ynskjer dette.

## Beslutning

Sjølv om det kom mange gode argument frå elevane i SMU, så konkluderer me med at dette er ei sak som elevrådet også må få handsame før ein kjem med innstiling frå elevane si side.